

## 90-åring i den finaste stansen

04.06.2008



Endregaard-kjempen har teke finstasen på. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Rhododendronen som gartnar Larsen frå Langgot planta på Endregaard er 90 år i 2008 og markerer det med å ta finstasen på.**

No er den truleg største planta av sitt slag i Kvinnherad på det vakraste og får mange beundrande blikk. Noko ny kontrollmåling er ikke føreteke, men dei siste informasjonane går ut på at den i dei seinare år har vore om lag 14 meter lang, fem meter høg og fem meter brei. Og størrelsen endrar seg vel ikkje noko særleg frå år til år for ein 90-åring?